

Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Fredag 8.november 2019, kl 10.00-13.30

Sted: Campus Kronstad (inndalsveien 28), styrerommet (A825)

Deltakrar:

Randi Skår (dekan), Hilde Kristin Tveit (seniorrådgivar), Britt Moene Kuven (førstelektor), Kjetil Grimastad Lundberg (førsteamanuensis), Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis), Maria Nordheim Alme (førsteamanuensis), Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Helga S. Onarheim (HR-direktør i Helse Fonna, vara for Olav Klausen), Sissel Brusegård (fagleiar fylkeskommunen), Olivia Aarheim Hjertø (student), Fredrik Sørensen (student) og Therese Bøyum (sekretær).

Gjester:

Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) og Georg Førland (instituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap) (sak 2/19), Alice Kvåle (prodekan forskning) og Gro-Anita Fønnes Flaten (prorektor forskning) (sak 3/19), Trude Engebretsen (administrasjonssjef), Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) og Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) (sak 4/19).

Forfall:

Olav Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna)

Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal møte opp/kople seg på møte

Lunsjservering frå kl 11.30-12.00.

Sak	Saks- type ¹	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Ca tid
Sak 2/19 (løpande sak): Studieportefølje 2020-2021	S	Sjå vedlegg i e-post	<p>Anne Grethe Naustdal (prodekan utdanning) og Georg Førland (instituttleder), gir ein status om arbeidet med studieporteføljeutvikling ved FHS.</p> <p>Vi ynskjer innspel og kommentarar frå fakultetsrådet til arbeidet, med tanke på forbetring av arbeid og prosessar til neste års behandling av studieporteføljen.</p>	45 min
Sak 3/19 (løpande sak): Kompetanseutvikling, utlysning av interne FoU-stipend	S	<p>Sjå vedlegg i e-post</p> <p>Merk også: Dei nye retningslinjene blir ettersendt pr e-post, med forutsetning om at dei er klare innan 8.november.</p>	<p>Det skal etablerast nye retningslinjer for FOU-tildeling på HVL-nivå. Saka var til handsaming i strategisk leiargruppe i oktober, og skal drøftast med hovudtillitsvalde 4. november. Deretter skal rektor gjere vedtak i saka.</p> <p>Gro-Anita Fonnes Flaten (prorektor forskning) orienterer om status kring arbeidet med dei nye retningslinjene for FoU-tildeling.</p> <p>Alice Kvåle (prodekan forskning) orienterer om prosess rundt utlysning av interne FoU-stipend ved FHS.</p> <p>Moment til diskusjon i fakultetsrådet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Økonomi • Kriteria for tildeling av FoU-stipend • Søknads- og tildelingsprosess 	45 min

¹ S= Strategiske saker B= Beslutning, I=Implementering og O=orientering

LUNSJ				30 min
Sak 4/19 (løpande sak): Rekneskap 2019 og budsjett 2020	O	Sjå vedlegg i e-post	<p>Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterer om regnskapet for 2019 og budsjett for 2020.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapet for 2.tertial 2019 • Foreløpig fordeling av HVL-budsjett 2020 • Felles prinsipp for fordeling av arbeidstid, og status for kartlegging av kompetanse i fakultetet, samt økonomiske konsekvenser. <p>Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) og Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) blir med i denne saka, for å supplere administrasjonssjef.</p>	45 min
Sak 6/19: Status pr oktober, for tiltak i årsplan for FHS 2019	O	Sjå vedlegg i e-post	<p>Ved FHS er det vedteke ein strategi for 2019-2023. Strategien er ein intern reiskap for vidare utvikling av utdanningar og forskning. Strategien skal skissere dei interne målsettingane våre, og speglar av kva for forventningar omgjevnadene har til oss som høgare utdanningsinstitusjon. Strategien skal operasjoniserast og følgast opp i årsplanane til fakultetet.</p> <p>Dekan orienterer kort om status pr oktober, for tiltak i årsplan for FHS 2019.</p>	15 min

Referat

Sak 2/19 (løpande sak): Studieportefølje 2020-2021

Anne Grethe Naustdal (prodekan utdanning) orienterte fakultetsrådet om status kring arbeidet med studieporteføljen ved FHS for 2020/2021, og arbeidet med porteføljen i eit lengre perspektiv. Georg Førland (instituttleiar IHO og prosjektleiar) supplerte i saka.

Moment og innspel frå diskusjonen i fakultetsrådet:

- Under informasjon om det nasjonale arbeidet med RETHOS 3, der det mellom anna er bestemt iverksetting av to nye masterprogram i barnevern, gav fakultetsrådet uttrykk for støtte til behov for masterutdanning innan barnevern. Særleg juskompetansen innan barnevernet må styrkast.
- I møte den 23.09.2019, gav fakultetsrådet høyringsinnspel på prinsipp for struktur, organisering og drift av master- og EVU-utdanningane ved fakultetet. Prinsippa har også vore til høyring i Utdanningsutvalet ved FHS, og drøfta i utvida leiargruppe. Fakultetsleiinga innarbeidde høyringsinnspela og fatta vedtak i saka 05.11.19. Fakultetsrådet trekkjer fram at prinsippa som no er vedtekne både er gode og dekkande for studieporteføljeutviklinga. Det første prinsippet blir nemnt som særleg positivt, då det gir rom for at studenten kan ta mindre og spissa emne, tilpassa behova i arbeidslivet.
- Fakultetsrådet gjev fakultetet ros for måten ein har brukt SEFØ-modellen på i arbeidet med årets studieporteføljesak til styret. Dokumentet gjev eit godt oversyn over status ved fakultetet sine utdanningar. Fakultetsrådet ser stor nytte av å bruke modellen i framtidig arbeid med å vurdere porteføljen både kvart år og i eit lengre perspektiv.
- I diskusjonen kom det også fram ynskje om at fakultet vurderer mulighetane for å etablere erfaringsbaserte masterutdanningar.

Oppfølging

Anne Grethe Naustdal (prodekan utdanning) og Georg Førland (instituttleiar IHO og prosjektleiar) tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med studieporteføljen for 2020-2021. Saka kjem attende for fakultetsrådet den 20.03.19.

Sak 3/19 (løpande sak): Kompetanseutvikling, utlysning av interne FoU-stipend

Alice Kvåle (prodekan forskning) orienterte fakultetsrådet om prosess rundt utlysning av interne FoU-stipend ved FHS.

Moment og innspel frå diskusjonen i fakultetsrådet:

- Fakultetsrådet gav uttrykk for at søknadsteksten har gode og tydelege kriterier.
- Det kom innspel om at det må kome tydeleg fram i søknaden at søkjaren har vore godt inne i forskingsmiljøet over tid.
- Vidare kom det spørsmål om kva HVL gjer for å behalde dei som har oppnådd førstekompetanse. Til samanlikning ber helseføretaka kandidatane om to år binding etter kompetanseheving. Er dette aktuelt å ta med i denne utlysinga? Dette må vurderast nærmare, dekan og prodekan forskning følger opp saka.

Oppfølging:

Prodekan forskning reviderer utlysningsteksten i henhold til innspel frå fakultetsrådet. Det er planlagt utlysning i veke 46, og varsel om dette i nyheitsbrev den 8.november. Dekan/prodekan forskning følger opp spørsmålet om eventuell bindingstid for dei som får tildelt stipend.

Gro-Anita Fønnes Flaten (prorektor forskning) orienterte fakultetsrådet om status kring arbeidet med dei nye retningslinjene for FoU-tildeling på HVL-nivå.

Stikkord frå orienteringa, og innspel frå fakultetsrådet:

- Retningslinjene har vore på høyring i HVL. Den meste eintydige tilbakemeldinga, var å likestille professor og dosent, og førstelektor og førsteamanuensis, i tildeling av FoU-tid.
- Det var også tilbakemeldingar om å gjere retningslinjene meir generelle, slik at det framleis er eit handlingsrom i fakulteta. Handlingsrommet ligg i prosessen for tildeling av FoU-tid. Diskusjon om denne tilpassinga, er i gang i leiargruppa ved FHS. Det planleggast at meir av ansvaret for tildeling av FoU-tid, blir lagt til nærmaste personalleiar i fakultetet. Instituttleiar skal ha overordna ansvar, og midlane blir derfor eventuelt tildelt pr institutt. Det arbeidast no med å utvikle verktøy, som skal gjere tildelinga enklare. Prosessen for tildeling av FoU-tid, skal no drøftast innad i institutta, og vidare i leiargruppa. Det forventes at retningslinjene pr fakultet, er ferdigstilt i mars.
- For å gjere tildelinga enklare, har det blitt utarbeida utkast til eit nytt skjema, der den tilsette rapporterer FoU-tid. Skjemaet blir truleg ferdigstilt i februar. Forslag om å sende rapporteringsskjemaet på høring i fakultetsrådet (via e-post).
- Det kom innspel om at det bør kome tydeleg fram i rapporteringa, at pedagogisk utviklingsarbeid også skal telje med, på lik linje med forskning (derav U for utviklingsarbeid).

- Det vart også ytra ønskje om satsing på utvikling blant dei administrativt tilsette. Dette skal komme som eit eige prosjekt.

Oppfølging:

Dei nye retningslinjene for FoU-tildeling på HVL-nivå, vert publisert etter at rektor har fatta vedtak i saka. Det er i gang prosess med å utvikle retningslinjer på fakultetsnivå. Rapporteringsskjema for FoU-tid vil truleg blir sendt på høyring i fakultetsrådet, pr e-post, i januar/februar.

Sak 4/19 (løpande sak): Rekneskap 2019 og budsjett 2020

Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterte fakultetsrådet om regnskapet for 2019 og budsjett for 2020.

Sjå vedlagt PowerPoint-presentasjon, som vart presentert i møtet.

Fakultetsrådet stilte avklarande spørsmål gjennom presentasjonen. Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) og Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) supplerte administrasjonssjef.

Oppfølging

Informasjon om budsjett 2020, kjem attende for fakultetsrådet den 20.03.19.

Sak 6/19: Status pr oktober, for tiltak i årsplan for FHS 2019

Saka vart avlyst.

Ymse/faste orienteringar

- **Orienteringar** (15 min) v/dekan

Oppsummering, og plan for neste møte.

Anna/ymse

